



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 939 734 325
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DET VESTNORSKE TEATERET AS
Forretningsadresse: Øvre Ole Bulls plass 6
5012 BERGEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Atle Marøen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 25.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 25.07.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	2	39 574 923	29 919 980
Annen driftsinntekt		68 602	3 831
Sum inntekter		39 643 525	29 923 811
Kostnader			
Varekostnad	5, 6	8 985 749	3 751 395
Lønnskostnad	4, 6	23 545 206	17 880 973
Avskrivning	6, 7, 8	2 355 649	1 730 650
Annen driftskostnad	4, 6, 10	6 603 127	6 493 768
Sum kostnader		41 489 731	29 856 786
Driftsresultat		-1 846 206	67 025
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringer		3 861	
Annen finansinntekt		122 496	161 033
Sum finansinntekter		126 357	161 033
Annen finanskostnad		1 119 165	183 254
Sum finanskostnader		1 119 165	183 254
Netto finans		-992 808	-22 221
Ordinært resultat før skattekostnad		-2 839 014	44 804
Ordinært resultat etter skattekostnad		-2 839 014	44 804
Årsresultat		-2 839 014	44 804
Overføringer og disponeringar			
Overføringer annen egenkapital	17	-2 839 014	44 804
Sum overføringer og disponeringar		-2 839 014	44 804



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	8	62 425 834	39 357 247
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner ol	8	12 079 652	5 384 704
Sum varige driftsmiddel		74 505 486	44 741 951
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler	9	25 000	25 000
Andre fordringer	14	7 000	7 000
Sum finansielle anleggsmiddel		32 000	32 000
Sum anleggsmiddel		74 537 486	44 773 951
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer	2	423 075	283 439
Andre fordringer	11	957 528	2 375 395
Sum krav		1 380 603	2 658 834
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	9	23 265	23 265
Sum investeringar		23 265	23 265
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	3	9 112 375	6 618 603
Sum omløpsmiddel		10 516 243	9 300 702
SUM EIGEDELAR		85 053 729	54 074 653



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	17, 18	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital	17	2 662 074	5 501 088
Sum opptent eigenkapital		2 662 074	5 501 088
Sum eigenkapital		2 762 074	5 601 088
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter		486 311	385 984
Andre avsetninger for forpliktelser	13	24 278 287	22 370 302
Sum avsetjinger for plikter		24 764 598	22 756 286
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	14, 15	45 000 000	12 500 000
Sum anna langsiktig gjeld		45 000 000	12 500 000
Sum langsiktig gjeld		69 764 598	35 256 286
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 486 070	3 308 424
Skyldige offentlige avgifter	3	1 397 390	1 459 046
Annen kortsiktig gjeld	12	9 643 597	8 449 809
Sum kortsiktig gjeld		12 527 057	13 217 279
Sum gjeld		82 291 655	48 473 565
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		85 053 729	54 074 653



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 542079

Enheten

Organisasjonsnummer: 939 734 325
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DET VESTNORSKE TEATERET AS
Forretningsadresse: Øvre Ole Bulls plass 6
5012 BERGEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Atle Marøen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 25.04.2023

Revisjon

Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern
autorisert regnskapsfører: Ja
Ekstern autorisert regnskapsfører har i
løpet av regnskapsåret bistått ved den
løpende regnskapsføringen eller utført
andre tjenester for selskapet enn å
utarbeide årsregnskapet: Ja

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 04.07.2023

Brønnøysundregistrene
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673



Organisasjonsnr: 939 734 325
DET VESTNORSKE TEATERET AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	2	39 574 923	29 919 980
Annen driftsinntekt		68 602	3 831
Sum inntekter		39 643 525	29 923 811
Kostnader			
Varekostnad	5, 6	8 985 749	3 751 395
Lønnskostnad	4, 6	23 545 206	17 880 973
Avskrivning	6, 7, 8	2 355 649	1 730 650
Annen driftskostnad	4, 6, 10	6 603 127	6 493 768
Sum kostnader		41 489 731	29 856 786
Driftsresultat		-1 846 206	67 025
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringer		3 861	
Annen finansinntekt		122 496	161 033
Sum finansinntekter		126 357	161 033
Annen finanskostnad		1 119 165	183 254
Sum finanskostnader		1 119 165	183 254
Netto finans		-992 808	-22 221
Ordinært resultat før skattekostnad		-2 839 014	44 804
Ordinært resultat etter skattekostnad		-2 839 014	44 804
Årsresultat		-2 839 014	44 804
Overføringer og disponeringar			
Overføringer annen egenkapital	17	-2 839 014	44 804
Sum overføringer og disponeringar		-2 839 014	44 804



Organisasjonsnr: 939 734 325
DET VESTNORSKE TEATERET AS

BALANSE

Beløp i: NOK **Note** **2022** **2021**

BALANSE - EIGEDELAR

Anleggsmiddel

Immaterielle egedelar

Varige driftsmiddel

Tomter, bygninger og annen fast eiendom	8	62 425 834	39 357 247
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner ol	8	12 079 652	5 384 704
Sum varige driftsmiddel		74 505 486	44 741 951

Finansielle anleggsmiddel

Investeringer i aksjer og andeler	9	25 000	25 000
Andre fordringer	14	7 000	7 000
Sum finansielle anleggsmiddel		32 000	32 000

Sum anleggsmiddel		74 537 486	44 773 951
--------------------------	--	-------------------	-------------------

Omløpsmiddel

Varer

Krav

Kundefordringer	2	423 075	283 439
Andre fordringer	11	957 528	2 375 395
Sum krav		1 380 603	2 658 834

Investeringar

Marknadsbaserte aksjar	9	23 265	23 265
Sum investeringar		23 265	23 265

Bankinnskot, kontantar og liknande

Sum bankinnskot, kontantar og liknande	3	9 112 375	6 618 603
---	---	------------------	------------------

Sum omløpsmiddel		10 516 243	9 300 702
-------------------------	--	-------------------	------------------

SUM EIGEDELAR		85 053 729	54 074 653
----------------------	--	-------------------	-------------------

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	17, 18	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000



Opptent egenkapital			
Annen egenkapital	17	2 662 074	5 501 088
Sum opptent egenkapital		2 662 074	5 501 088
Sum egenkapital		2 762 074	5 601 088
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter		486 311	385 984
Andre avsetninger for forpliktelser	13	24 278 287	22 370 302
Sum avsetjinger for plikter		24 764 598	22 756 286
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	14, 15	45 000 000	12 500 000
Sum anna langsiktig gjeld		45 000 000	12 500 000
Sum langsiktig gjeld		69 764 598	35 256 286
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 486 070	3 308 424
Skyldige offentlige avgifter	3	1 397 390	1 459 046
Annen kortsiktig gjeld	12	9 643 597	8 449 809
Sum kortsiktig gjeld		12 527 057	13 217 279
Sum gjeld		82 291 655	48 473 565
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		85 053 729	54 074 653



Organisasjonsnr: 939 734 325
DET VESTNORSKE TEATERET AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

Note
18

Tal på aksjar og aksjeeigarar

<u>Aksjeklasse</u>	<u>Ant. aksjar</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Bokført verdi</u>
Ordinære lutar	400.00	250.00	100000.00
<u>Aksjeeigare - fritekst</u>	<u>Antall</u>	<u>Eigarpart</u>	<u>Aksjeklasse</u>
Vestland Fylkeskommune	240.00	60.00%	Ordinære aksjer
Vestlandske Teatersenter	80.00	20.00%	Ordinære aksjer
Vestland Fylkeskommune Ungdomslag	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
Vestland Fylkeskommune Folkeakademi	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
Vestland Fylkeskommune Mållag	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
Voksenopplæringsforbundet	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
<u>Sum</u>	<u>Sum antall</u>	<u>Sum eigarpart</u>	
	400.00	100.00%	

Note
4

Lønn og ytingar

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	19253267.00	14614611.00
<u>Arbeidsgivaravgift</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	2896938.00	2169097.00
<u>Pensjonskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	1185800.00	949514.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	209201.00	147751.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	23545206.00	17880973.00

Ytingar til dagleg leiar

Note



Ytingar til andre leiande personer

<u>Leiande person</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.plikt</u>	<u>Andre godtgj.</u>
Teatersjef / dagleg leier	1045460.00		12688.00
<u>Ytingar andre leiande pers.</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.forpl.</u>	<u>Andre godtgj.</u>
	1045460.00		12688.00

Det er kostnadsført kr 237 500 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2022. Det er tidligere år gjort avsetjing for påløpen venteløn for noverande teatersjef. I inneverande rekneskapsår er avsetjinga reversert med kr 648 233 per 31.12.2022 (inkludert arbeidsgjevaravgift). Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova. Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 26 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 1 185 800 i pensjonspremie i 2022, tilsvarande for 2021 var kr 971 477. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap. Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 486 311 i langsiktig plikt for å dekkja kostnaden.

Note

Ytingar til revisjon

<u>Revisjon</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	90000.00	129375.00
<u>Andre tenester</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	42500.00	47500.00
<u>Sum godtgjersle til revisor</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	132500.00	176875.00

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:
0.00

Note

Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar



DET
VESTNORSKE
TEATERET
■

Årsmelding med årsrekneskap Det Vestnorske Teateret 2022



Teatersjefens årsmelding for 2022

Motbakke og silkeføre

Idet eg skriv mi siste årsmelding for Det Vestnorske Teateret er det framtida som ligg meg nærast til hjartet. For ein ting har vi lært i året som gjekk: Utfordringane ligg der. Dei krev at vi tek tak i dei. Dette gjeld ikkje berre for dette vesle, men sterkt ekspanderande nynorskteateret i Bergen. Dei ligg framfor heile bransjen. Vi har merka dei i året som gjekk. Og vi har handsama dei med mot, flid, ambisjon om samhald. Til alle dei som har vore tilsette og engasjerte, vil eg rette ei varm takk for deira vilje og evne til å tenke nytt – deira engasjement for å gå ei ekstra mil. Dei har utan tvil stoltheit og oppleving av kunstnarleg silkeføre i løpet av året som gjekk. Men eg veit og at dei har kjempa i motbakke.

Vi starta året med optimisme og vårt eige flaggskip og publikumsvinnar *Heim*. Vi vart bratt stoppa av ei ny pandemibølge. Publikumsrestriksjonar og smittevernsregime var nesten som komfortsone å rekne etter det vi hadde vore igjennom førre året. Det vi ikkje var førebudd på var smittetoppar etter at samfunnet slapp fri og viruset sprang med. Vi såg store utfordringar toppe seg opp framfor oss idet tilsette og publikummarar vart sjuke. Raskt vart det viktigaste prosjektet for oss på Det Vestnorske rett og slett å halde teateret gåande – å halde dørene opne og ha ei framsyning vi kunne dele med publikum. For utøvande og avviklande teknikarar kom dette til å krevje ein sjeldan grad av fleksibilitet. Omkostningane ved vedhaldande overtakings og understudyprøvar vart store, både økonomisk, menneskeleg og relasjonsmessig. Mange kjente på slitasje i motivasjonen. Men belønninga meldte seg kvar gong vi greidde å unngå ei avlysing.

Dette var sentralt for oss, særleg fordi vi har opplevd at vi trengte å gjenetablere ein tillit mellom oss og publikum. Deira vilje til å vitje oss vart gjennom dette året eit særskilt viktig fokus. Vi var opptekne av å rekke ut etter dei. Og vi opplevde at dei bakka opp om vår modigaste kunstnarlege satsing, nemleg *Telavåg* - ei stadspesifikk framsyning i Gestapohuset i Veiten. Etter ein ustabil vårsesong styrka det oss fenomenalt å erfare korleis denne framsyninga traff lokalbefolkninga. Det er ingen tvil i mitt hjarta om at denne produksjonen gjorde ein skilnad for dei som kom og såg. Og ikkje nok med det, den understreka også kva teater kan vere. Ein stad for bearbeiding, for identitet og fellesskapsbygging, ein møteplass der vi kan finne perspektiv for å møte samtida og framtida.

Medan *Telavåg* styrka oss i trua på kva relevans vi kunne finne, har vi likevel gjennom heile 2022 i stigande grad erkjent at vi postpandemisk hadde eit behov for å reetablere vår kontakt med publikum. Vår relasjon har endra seg og det gjer seg gjeldande i utfordringar som til dømes ei forsterking av tapet av horsiontar. Medan pandemien åt av synsranda vår kva gjaldt rom til å gjennomføre, har vi no ei uklarare kjensle av publikum sin respons til repertoaret vårt. Dei verkar meir avventande. Dette er betimeleg og forståeleg, men det vanskeleggjer like fullt teateret si planlegging og økonomiske prognoseevne. Vi merkar ein større usikkerheit.

Framsyninga *Linda Eide har ei høne å plukka med Herborg Kråkevik* inviterte mange av vårt kjernepublikum tilbake til teatersalen og gleda ikkje minst mange på turne i regi av Teater Ibsen. På ny opplevde vi god synergi i samarbeid med eit regionteater.

Hausten var løfterik med sær god mottaking av Bjarte Hjelmeland si iscenesetjing av Jon Fosse si gjendikting av klassikarverket *Peer Gynt*. Vi hausta mykje anerkjening for framsyninga og ikkje minst var det gledeleg at den traff eit ungt publikum. Denne inviterande hausten heldt fram med berørande møter mellom Henrik Mestad og publikum gjennom framsyninga *Alle fantastiske ting der Mestad øvde inn ein særleg versjon på Bømlodialekt* for vårt vestnorske publikum. Desse kveldane i salen vår gav ny tru på at det levande og umiddelbare møtet i teaterrommet flyttar oss som individ og fellesskap. Vi fulgte opp med ein varm og ettertenksam komedie om sagn og vennskap og sjølv om desembertala skuffa oss, fann publikum vegen fram til *Steg for steg* over nyttår.

Det var ein stor milepæl for oss å kunne opne ei ny biscene med *Snødronninga*. Her traff vi ei målgruppe som ikkje ofte får tilbod direkte retta mot seg. Dei store borna vart inviterte inn til mørkret og håpet i H.C Andersen sitt klassiske eventyr og våre skodespelarar leverte på høgt nivå. Prosessen var prega av ein pressa organisasjon som no for alvor kjente på ressursmangel. Vi heldt fram med ambisjonane medan byggeprosjektet i stigande grad tok plass og premissane for kunstproduksjon vart prega av kostnadsauke og usikkerheit om publikumsoppslutning. Vi har fått smake på vår eigen avhengigheit av inntening gjennom 2022. Sjølv om vi har freista å skjerme kunststrømmen våre i ytterste grad så må vi erkjenne at vår vilje nokre gongar har trossa rammene for kva vi kunne løfte. *Snødronninga* var i så måte eit godt døme på laganda på Det Vestnorske. Nettopp difor var det så godt å oppleve at trua berre ikkje kom inne frå oss sjølve men også frå politisk hald. Då løyvande myndigheiter i tolvte time gav oss ei handsrekning med støtta vi trengte til å bygge vidare, gav det teateret ein heilt avgjerande vind i ryggen.

Vårt aktivitetsnivå gjennom `22 syner stor breidde, ei uforminska tru på teateret som relevant møte. Ei satsing på nye og andre stemmer og ein kjærleik til språket og kunsten og ikkje minst ei tru på eit nynorsk teater i Bergen. Vi takkar alle som har medverka til store og små treff under vårt tak. For dei som har samarbeida med oss om å syne produksjonar vi har laga, eller testa ut ting som kan bli til meir. Vi takkar dei som hjalp oss med å utfordre kva forteljingar vi gav plass og kven vi inviterte inn. Det er med stoltheit eg ser på summen av kva vi stelte i stand i teateråret `22. Og eg kan ikkje vedkjenne denne stoltheita utan å rette ei varm og inderleg takk til dei tilsette som ikkje mista trua. Dei synte seg visjonære og modige også når motbakkane manifesterte seg og grunnfeste under stega våre synte seg meir usikre enn ambisjonane våre hadde lagt til grunn.

Og til publikum som trass at dei var avventande likevel synte igjen at dei treng og støttar Det Vestnorske Teateret: Ver velkomne. Alltid. Det er for dåke vi er her.



Teatersjef Solrun Toft Iversen. Foto: Privat

Styret si årsmelding for 2022

Attende til normalen?

Vi gjekk inn i 2022 med nedstengde teater og fortsett uvisse i heile kultursektoren, trass i at store delar av befolkninga no var vaksinert både ein og to gangar. Nye variantar av Omikron førte til ei oppblomstring av sjukdom på ny ved starten av året. Sjølv om publikum etter kvart fekk kome attende, vart det stort sjukefråvær på teateret og blant publikum som hadde kjøpt billett. Teateret valde å spele med ekstra skodespelarar og ekstra teknikarar, av di vi meinte det var viktig at vi no signaliserte at vi skulle attende til normaltstanden. At vi skulle spele den siste utgåva av signaturførestillinga *Heim* var og avgjerande. Store delar av vårt publikum satt med unnytta billetter frå *Heim 3* – og vi ville gjerne gje eit bra tilbod som og dekte desse.

Etter pandemien har mange teater vist til at publikum har vore mest interessert i teater som morer. *Heim 4* kunne dekke eit slikt ønske, det same kunne førestillinga *Linda Eide har ei høne å plukke med Herborg Kråkevik* som kom etter *Heim*. Den store publikumssuksessen vart likevel *Telavåg*, som vart omfamna av publikum og *Telavåg* vann teaterkritikarane i Bergen sin pris for beste førestilling. Førestillinga vart spelt i det som var Gestapohuset i Bergen 1940-45, Veiten 3. Her måtte vi sette inn ekstra stolar og spele ekstrarørestillingar for å gje tilbod til alle som ville sjå framsyninga.

Hausten vart opna med *Peer Gynt* i Jon Fosse si eminente språkdrakt. Stykket vart vist som DKS-førestilling i Bergen og for elevar i vidaregåande skular i gamle Hordaland. Trass i lærarstreik, fekk 653 elevar i grunnskulen og 1355 elevar i vidaregåande skule sett stykket. Skulane strekte seg langt for at elevane ikkje skulle gå glipp av denne moglegheita. Med Henrik Mestad sin monolog *Alle fantastiske ting*, og komedien *Steg for steg*, fekk teateret eit godt tilbod i haustmørket. For barn og familiar sette teateret opp *Snødronninga* av HC Andersen på den nye Scene 2. Erfaringa frå denne første oppsettinga på ny scene er at teateret har fått eit viktig og svært tenleg tilskot til visningar og prøver på den nye scena.

Det nynorske kulturprogrammet på intimsцена vår Skifte har vorte ein stor suksess. Dette er eit lågterskeltilbod der publikum får tilgang på mindre teaterførestillingar, opplesingskveldar, debatt- og musikkvenement. Det Vestnorske Teateret har nytta midlar til å få fram små produksjonar som nyttar nynorsk og som har trengt ekstra sámidlar for å bli realiserte. Bergen Kommune har støtta mange av desse produksjonane som ein del av si nynorsksatsing.

Signala då vi gjekk inn i det nye året var at vi no skulle innstille oss på ei gjenopning av samfunnet. Med ny nedstenging vart det noko amputert, men Regjeringa bidrog med ekstra midlar (1,530 mill. kroner) for å kompensere for denne første nedstenginga. Utfordringa for kulturlivet har vore å få publikum attende i salane. Med ein reduksjon i publikumstilstrøyminga på 40-60%, er det ikkje tvil om at kulturlivet har vorte hardare råka av etter-Covid enn mange andre sektorar. I tillegg til endring av vanar, har og ei tiltakande dyrtid påverka befolkninga si evne til å bruke pengar på kultur. Styret i Det Vestnorske Teatret vil følgje denne utviklinga nøye, og ein vil iverksette tiltak som kan bidra til å få fylt salane på nytt.

Publikumsoppslutninga etter pandemien (alle tal i parentes er 2021)

Som nemnd ovanfor hadde Det Vestnorske Teateret store ambisjonar for vidare publikumsbygging i 2022. Etter ei dramatisk nedgang frå 43 866 publikummarar i 2019 til 18 778 i 2020, og ei vidare nedgang til 10 214 i 2021, var målet ei gjenetablering av den gode utviklinga. Som det vil gå fram nedafor har vi lukkast langt på veg med dette.

Publikum sin åtfærd har endra seg noko. Vi ser at det er langt mindre førehandssal enn tidlegare. Publikum kjøper billett tett opp til framsyningsdato. Styret og leiinga i Det Vestnorske Teateret ser det som ei stor oppgåve, saman med andre teater og myndigheitene, å starte ei gjenoppbygging av publikum sin tillit og engasjement for den analoge teateropplevinga. Talet på publikum og arrangement går fram av tabellen under,

Tabell: Tal publikum og tal arrangement 2022

	2022	2021
Publikum på eigen scene inkl. Veiten	25 102	6 969
Turné - 972		
Samarbeidsproduksjon vist på anna scene - 2 906	3 878	3 245
Gjestespel mottatt	2 130	
Sum publikum	31 110	10 214
Av dette – barn og unge	5 259	4 519
Av dette - publikum i Skifte (intimscena)	1 641	423
Tal arrangement Skifte	49	25
Av dette - formidlingsaktivitet	1030	274
Tal arrangement formidling	22	9
Beleggsprosent	65	60
Totalt tal arrangement	329	259

Byggeprosjektet

Byggeprosjektet som vart starta i 2020 har hatt god framdrift gjennom året, trass i utfordringar med leveransar av stål, parkett og anna byggemateriale grunna krigen i Ukraina. Prisstigninga på byggevarer har og vorte høgare enn forventa, men innafor dei rammer som vart laga for prosjektet totalt sett. I tillegg til garderobar, lokale for møteverksemd og kostymelager, har ein no fått kostymeverkstad, ny scene 2 og ikkje minst – publikumsheis. Det som står att ved årsskiftet er klargjering av verkstad, vareheis og fasadedekking.

Parallelt med bygginga har vi oppgradert den gamle teatersalen med ny infrastruktur og nytt teknisk utstyr innan lys, lyd, AV og nye trekk.

Organisasjon og medarbeidarar

Teateret har ikkje gjort særlege endringar i organisasjonen i løpet av 2022. Høg aktivitet har ført til noko innleige av mellombels tilsette i funksjonar som teknikk og inspisient. I løpet av året har ein omgjort det meste av desse mellombelse stillingane til faste deltidsstillingar.

Teateret har framleis ein skodespelar i åremålsstilling, medan resten av ensemblet er på mellombels kontraktar i tråd med den tariffavtala som er inngått med Norsk Skuespillerforbund.

Styret og teatersjef vurderer arbeidsmiljøet ved teateret som godt. Oppblomstringa av Omikron i januar og februar førte til noko høgare sjukefråvær enn det vi har hatt tidlegare, og det meste av sjukefråværet i 2022 er knytt til denne perioden.



Langtidssjuefråværet vart 102 dagar mot 70 dagar i 2021. Det totale sjukefråværet enda på 3,0 % som er det same som i 2021. Ser ein bort frå langtidsjukefråvær meir enn 16 dagar, er sjukefråværet 1,3% mot 1,6% året før. Det er meldt 1 skade i løpet av året som trong tilsyn ved legevakta. Skaden førte ikkje til fråvær i ettertid. Teateret har i løpet av året gjennomført halvdagskurs for samtlege tilsette i førstehjelp, bruk av hjartestartar og anna livreddande førstehjelp. Styret har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Omsynet til at teateret skal vere ein trygg arbeidsplass har hatt ein stor plass i teateret sitt HMS-arbeid i 2022.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønnna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av fire kvinner og tre menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga. Teateret følgjer tariff-føresegnene i bransjen og har fokus på at det ligg til grunn eit likelønsprinsipp for tilsette med lik kompetanse og stillingsomtale.

Styret vil særleg takke dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2022. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Det Vestnorske Teateret har hatt i 2022 og meiner at vi kan sjå fram mot eit fruktbart og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi (alle tal i parentes er 2021)

Grunnløyvinga frå Staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune var kr. 30 296 040 (kr. 31 531 686 i 2021). Av desse var 1 530 000 ekstra covid-støtte frå staten. Frå Bergen Kommune fekk vi covid-støtte på kr. 41.440. Vestland fylkeskommune lyste og ut ein pott til straumstøtte. Det Vestnorske Teateret fekk her kr. 99 200 etter søknad.

På slutten av 2021 fekk teateret tildelt midlar til prosjekt, mellom anna til prosjektet *Heime i Nynorsken* og eit prosjekt om digitalisering. Delar av dette skal brukast i 2023. I 2022 er nytta kr. 159 720 som er ført til inntekt. Det er totalt overført midlar frå 2021 og 2022 på 1 875 244, som skal brukast i 2023. Vidare er det tilført tidlegare periodiserte tilskot på dei delar av nybygget som no er tatt i bruk, kr. 2 892 015.

Som tidlegare år har styret i Det Vestnorske Teateret vedteke å trekkja dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og ført midla som langsiktig gjeld i balansen. Totalt i 2022 vart det sett av kr. 4 800 000. Resten av tilskottet på kr. 28 547 775 (26 660 898) er inntektsført i resultatrekneskapen for 2022.

Eigne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar vart kr. 11 095 750 (3 262 913) Tilskott og egne inntekter summerte seg med det opp til kr. 39 643 525 mot kr. 29 923 811 i 2021. Driftskostnadane auka til kr. 41 489 731 mot kr. 29 856 786 i 2021. Netto finanskostnadar utgjorde kr. 992 808 (22 221) Resultatet etter finansinntekter og kostnadar er med det eit underskot på kr. 2 839 014 mot eit overskot på kr. 44 804 i 2021.

Styret i Det Vestnorske Teateret har følgd utviklinga nøye gjennom året, og det er gjort fleire tiltak for å redusere underskotet, mellom anna er ein produksjon tatt heilt ut av produksjons- og speleplanen. Hovudårsaka til underskotet er inntektssvikt på dei produksjonane der det var forventet ei god publikumstilstrøyming. Grunna lang planleggingshorisont og inngåtte kontraktar, er det vanskeleg å redusere kostnadar på produksjonar i budsjettåret.

Det er totalt investert kr. 32 119 185 (15 663 470), hovudsakeleg investeringar knytt til Logenprosjektet. Teateret investerer og årleg i den teatertekniske utstyrsparken. Kr. 233 045 (532 936) vart brukt til dette i 2022, mellom anna kjøp av nytt lydutstyr og teleslyngesystem. I tillegg har det vore investeringar i teknisk i byggeprosjektet. Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjør kr. 8 379 052 (5 838 646) per 31.12.2022 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen.



Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret framleis er god. Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2022 til etterretning. Styret rår til at underskotet vert dekt av opptent eigenkapital som med det vert redusert frå kr. 5 601 088 til kr. 2 762 074.

Styret har som mål å styrke eigenkapitalen dei næraste åra. Styret har arbeidd kontinuerleg med å styrke økonomien ved teateret. Vestland Fylkeskommune gav tilsegn om auka løyvingar for 2022 på kr. 1 500 000 og det var gledeleg at Staten ved Kulturdepartementet aukar sine løyvingar med kr. 3 500 000 i endeleg Statsbudsjett for 2023. Sjølv om ABE-reforma no er avvikla, vart det ikkje gjeve full kompensasjon for løns- og prisstiginga i dette budsjettet. Signal ligg no føre at dette vert justert i revidert statsbudsjett i juni 2023. I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Miljø


Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. I august 2022 vart teateret sertifisert som Miljøfyrtårn og kan dermed dokumentere at strenge kriterie innan innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp og arbeidsmiljø er tilfredsstillt.

Det meste av den daglege drifta har blitt analysert og tilsette på dei ulike avdelingane har måtte bidra til å bli betre på berekraft og miljø som å gjennomføre gode val for utvikling av ei teaterframsyning som å ikkje bruke forureinande materiale, men heller kunne gjenbruke materiale, scenografelement og kostyme. Tilsette har også fått større ansvar for å sortere avfall betre og teateret har fokus på å gjere innkjøps- og reiserutinane grønarare.

Teateret skal via sertifiseringa årleg rapportere inn ein klimarekneskap som forpliktar teateret å få ned miljøavtrykket på alle område.

I tillegg til sertifiseringsordninga husa og DVT ein «klimasalong» som var eit bransjearrangement om korleis scenekunstbransjen kan gjere smartare klimaval. Dette samarbeidet, saman med Syvmil og Proscen, vil fortsetje i 2023.

BERGEN, DEN 31.12.22/23.02.23
STYRET FOR DET VESTNORSKE TEATERET AS


AUDUN L. HASTI
STYRELEIAR



PEDER LOFNES HAUGE
STYREMEDLEM


STEINULF TUNGESVIK
STYREMEDLEM


MONA HØGL
STYREMEDLEM


RAGNHILD STOLT-NIELSEN
NESTLEIAR


SOLFRID GLESNES
STYREMEDLEM


SOLRUN TOFT IVERSEN
TEATERSJEF/DAGLEG LEIAR



Det Vestnorske Teateret AS

Årsrekneskap for 2022

- Resultatregneskap**
- Balanse**
- Noter**

Revisjonsmelding



Det Vestnorske Teateret AS

Resultatrekneskap

	Note	2022	2021
Driftsresultat			
Salsinntekt	2	39 574 923	29 919 980
Anna driftsinntekt	2	68 602	3 831
Sum driftsinntekter	2	<u>39 643 525</u>	<u>29 923 811</u>
Driftskostnader			
Prosjekt- og produksjonskostnader	4	8 985 749	3 751 395
Lønnskostnad	3, 5	23 545 206	17 880 973
Avskrivning	5, 7, 8	2 355 649	1 730 650
Annan driftskostnad	3, 5, 6	6 603 127	6 493 768
Sum driftskostnader		<u>41 489 731</u>	<u>29 856 786</u>
Driftsresultat		<u>-1 846 206</u>	<u>67 025</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringar		3 861	0
Anna finansinntekt		122 496	161 033
Annan finanskostnad		<u>1 119 165</u>	<u>183 254</u>
Netto finans		<u>-992 808</u>	<u>-22 221</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-2 839 014</u>	<u>44 804</u>
Årsresultat		<u>-2 839 014</u>	<u>44 804</u>
Overføringer og disponeringar			
Overføring til/frå annan eige kapital	17	<u>-2 839 014</u>	<u>44 804</u>



Det Vestnorske Teateret AS

Balanse pr. 31. desember

	Note	2022	2021
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	8	62 425 833	40 109 686
Driftslausøyre, inventar, verktøy, og liknande	8	12 079 652	4 632 264
Sum varige driftsmidler		<u>74 505 486</u>	<u>44 741 950</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Investeringar i aksjar og partar	9	25 000	25 000
Andre krav		7 000	7 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>32 000</u>	<u>32 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>74 537 486</u>	<u>44 773 950</u>
Omløpsmidlar			
<i>Krav</i>			
Kundekrav		423 075	283 439
Andre krav	10	957 528	2 375 395
Sum krav		<u>1 380 603</u>	<u>2 658 834</u>
<i>Investeringar</i>			
Marknadsbaserte aksjar	9	23 265	23 265
Sum investeringar		<u>23 265</u>	<u>23 265</u>
Bankinnskudd, kontanter og liknande	11	9 112 375	6 618 603
Sum omløpsmidlar		<u>10 516 243</u>	<u>9 300 702</u>
Sum egedelar		<u>85 053 729</u>	<u>54 074 652</u>




Det Vestnorske Teateret AS


Balanse pr. 31. desember

	Note	2022	2021
Eigenkapital			
<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital	12, 13	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	12	2 662 074	5 501 088
Sum opptent eigenkapital		2 662 074	5 501 088
Sum eigenkapital		2 762 074	5 601 088
Gjeld			
<i>Avsetjingar for plikter</i>			
Pensjonsplikter	3	486 311	385 984
Andre avsetjingar for plikter	14	24 278 287	22 370 302
Sum avsetjingar til plikter		24 764 598	22 756 286
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	15, 16	45 000 000	12 500 000
Sum anna langsiktig gjeld		45 000 000	12 500 000
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		1 486 070	3 308 424
Skyldige offentlege avgifter	11	1 397 390	1 459 046
Anna kortsiktig gjeld	17	9 643 597	8 449 808
Sum kortsiktig gjeld		12 527 057	13 217 278
Sum gjeld		82 291 655	48 473 564
Sum eigenkapital og gjeld		85 053 729	54 074 652


31. desember 2022


Bergen, 23. februar 2023



Audun Leiv Hasti



Mona Høgli
Styremedlem


Solfrid Glesnes
Tilsettes representant


Ragnhild S. Stolt-Nielsen
Styremedlem


Steinulf Tunesvik
Styremedlem


Solrun Toft Iversen
Dagleg leiar / teatersjef


Peder Lofnes Hauge
Styremedlem



Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapet for 2022

Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovas føresegner og god rekneskapsskikk for små føretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar vert balanseført som uopptent inntekt ved salet, og vert etter det inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatførast samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, og dessutan postar som knyt seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjer og delar vurdert som omløpsmiddel) vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løypande under driftskostnadar, medan påkostnadar eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Om attvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskriving til attvinnbart beløp. Attvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av dei framtidige kontantstrømmene som eigneluten vil generera.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatførast løypande i høve til god rekneskapsskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.



Det Vestnorske Teateret AS

Noter til regnskapet for 2022

Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert. Skattekostnaden i resultatregnskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan nyttiggjerast.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatregnskapen og verdsetting av eignaluter og gjeld, og dessutan usikre eignaluter og for skyldnader på balansedagen under utarbeiding av årsregnskapen i samsvar med god rekneskapskikk.

Note 2 - Inntektar og tilskot

Spesifikasjon driftsinntekter	2022	2021
Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	30 296 040	31 531 686
Periodisert investeringsstilskot, i samsvar med styrevedtak	-4 800 000	-4 800 000
Overførte midlar til / fra foregående år	159 720	-250 000
Inntektsført periodisert tilskudd, bygg tatt i bruk	2 892 015	179 212
Sum inntektsførte offentlege tilskot (1)	<u>28 547 775</u>	<u>26 660 898</u>
Sal av mat og drikke	0	0
Billettinntekter	7 666 454	2 362 469
Andre tilskot og refusjonar	3 360 694	894 814
Andre inntekter	68 602	1 799
Sum driftsinntekter	<u>11 095 750</u>	<u>3 259 082</u>
Sum inntekter	<u>39 643 525</u>	<u>29 919 980</u>

(1) Motteke investeringsstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive, sjå note 13.

Tilskot frå staten v/ Kulturdepartementet	15 745 000	18 402 000
Tilskot, Vestland Fylkeskommune / Bergen Kommune	9 751 040	8 079 686
Periodisert investeringsstilskot, i samsvar med styrevedtak	4 800 000	4 800 000
Overførte midlar til 2022	0	250 000
sum, brutto	<u>30 296 040</u>	<u>31 531 686</u>



Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapet for 2022

Note 3 - Lønnskostnader, antall ansatte, lån til ansatte og godtgjørelse til revisor

Lønnskostnader	2022	2021
Lønninger	19 253 267	14 614 611
Arbeidsgiveravgift	2 896 938	2 169 097
Pensjonskostnader	1 185 800	949 514
Andre ytelser	641 646	361 083
